



Statens vegvesen

Ole Ronny Vestheim
Søreidåsen 51

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/7816-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
23.02.2017

Uttale – Søknad om dispensasjon frå byggegrense – Rubbhall – Fv. 565 – Gnr. 95 bnr. 12 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 16.01.2017.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om eit mellombels løyve inntil 2 år for å oppføre rubbhall på 12mx18m på gnr. 95 bnr. 12 i Radøy kommune.

Eigedomen ligg i eit område som er avsett til landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF) jf. arealdel av kommuneplan for Radøy.

Opplysning om saksgang:

Før søknaden vert behandla etter veglova skal tiltaket vere avklart etter plan- og bygningslova og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Det er Radøy kommune som er rett mynde og som avgjer søknad om dispensasjon. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde. Vi har og klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer vår uttale til saka som kan nyttast til kommunen sin behandling av søknaden.

Uttale:

Byggjeregrensa skal ivareta omsynet til trafikktrygging, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved utviding av vegen og miljøet langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 80 km/t og årsdøgntrafikk (ÅDT) er 1500. Vegen er klassifisert til Haldningsklasse 2 jf. «*Rammeplan for avkøyrslar og byggjeregrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 – 2016)*». Dette vil mellom anna seie at vegen er ein viktig hovudveg med regional og overordna lokal funksjon, og at avstandskravet vi skal leggje til grunn er 50 meter.

Det er søkt om å oppføre ein rubbhall som skal fungere som lager, 23 meter frå vegmidte. Det er søkt om eit mellombels løyve i to år. Ut frå ortofoto ser det ut til at område i dag er i bruk som utelager. Statens vegvesen planlegg ny fylkesveg 565 der vegen er lagt om på denne strekninga.

Med bakgrunn i desse opplysningane, meiner vi det kan påreknast dispensasjon frå byggjegrænse dersom kommunen vel å gje dispensasjon for tiltaket.

Vidare saksgang:

Dersom Radøy kommune vel å gje dispensasjon for tiltaket, vil vi behandle søknaden vidare etter føresegnene i veglova. Du må då sende inn ny søknad som er i samsvar med kommunen sitt vedtak.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER